

Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervising. Difor er det viktig at de kjem på T-dagar med borna.



Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua. Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.



Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 47, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

e-post: t-dagane.voss@kyrkja.no

www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)

T-dag for 9-åringane.



STØRST AV ALT

BØRN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

- VOSS -



Invitasjon til T9-dag
søndag 4. juni 2023

Kl. 11:00 Gudsteneste i Oppheim kyrkje
Ca kl. 12:00 Vandring på den gamle
kongevegen frå Oppheim til Vinje

T9

Velkomen med på pilegrimstur!

T9

Veit du kvar den gamle kongevegen går?

Veit du kva ein pilegrim er?

Veit du kven Heilag Olav var?

Dette kan du få svar på den 4. juni.

Då vert du saman med ein vaksen invitert med på tur, eller ein pilegrimstur som me kallar det. Me startar med ei gudsteneste i lag med resten av kyrkjelyden, før me legg ut på vandring.

Du kan sjølvstekt vere med på berre vandringa eller berre gudstenesta dersom du ikkje har høve til å vere med på begge.

Program

- Kl. 11:00** Gudsteneste i Oppheim kyrkje med pilegrimstema. Utdeling av pilegrimspass til 9- åringane.
- Ca. kl. 12:00** Pilegrimane vert sende ut på vandring. Det vert aktivitetar og leik undervegs.
- Ca. kl. 13:30** Pause m/nistemat på Vinje gamle kyrkjegard.
- Ca. kl. 14:30-15:00** Avslutning på Vinje med levande historier frå ekte pilegrimsvandringar.

Praktisk info

9- åringane må koma i fylgje med ein vaksen som har ansvar for dei under heile turen.

Ta med niste, drikke, høvelege klede og sitteunderlag.

Påmelding innan onsdag 31. mai

på www.voss.kyrkja.no eller bruk QR-koden



I påmeldingsskjemaet kan de gje oss opplysningar me treng for at borna skal få ein best mogeleg dag.

Treng de kontakt med oss?

Kyrkjelydspedagog Camilla Velsvik har mobilnr. 995 18 194

